

---

**Fra:** Ola Midttun <Ola.Midttun@fiskeridir.no>  
**Sendt:** 24. oktober 2014 14:51  
**Kopi:** Postmottak Radøy  
**Emne:** H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS og H-R-18 H-KM-1

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
  
5020 BERGEN

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 14/10089  
Dykkar referanse: 2014/19395  
Vår dato: 23.10.2014  
Dykkar dato: 01.08.2014

Att: Endre Korsøen

### Elektronisk post

## **H-R-1 OG H-R-17 SKJÆRGÅRDSFISK AS OG H-R-18 H-KM-1 OG H-KM-4 LINGALAKS AS - SØKNAD OM UTVIDING AV MTB PÅ LOKALITET 31497 TOSKA N I RADØY KOMMUNE - UTTALE**

Vi viser til brev av 01.08.2014 frå Hordaland fylkeskommune og søknad frå Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS om utviding av maksimal tillaten biomasse (MTB) på lokalitet 31497 Toska N i Radøy kommune.

**Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.**

**Vi kan ikkje sjå at ein utviding av MTB frå 2340 tonn til 3620 tonn på lokalitet 31497 Toska N kjem i berøring med utøving av fiske på bakgrunn av at det ikkje er søkt om endring av arealbruk. Trendanalyser som er gjennomført i driftsfasen tyder på at miljøtilstanden er god i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne. Vi kan gå inn for ein utviding av MTB i samsvar med søknaden.**

### **Om søknaden**

Søknaden gjeld utviding av maksimal tillaten biomasse frå 2340 tonn til 3620 tonn ved lokalitet Toska N i Radøy kommune. Det vert ikkje søkt om endra arealbruk eller endring av utstyr.

### **Vår vurdering**

#### Fiskeriinteressar

Vi kan ikkje sjå at søken som gjeld utviding av MTB utan endring av arealbruk, vil føre til auka konfliktpotensial med utøving av fiske.

### Marint miljø

Fiskeridirektoratet har ansvar for å følge opp akvakulturanlegg i driftsfasa, mellom anna anlegga sin påverknad på det marine miljø.

Det har vore drift på lokalitet Toska N sidan 2010. Miljøtilstanden under og i nærsone til anlegget har vore passa på gjennom MOM-undersøkingar (etter NS 9410) og er blitt rapportert til Fiskeridirektoratet. Resultat frå undersøkingane som har vore gjennomført i driftsfasa har vist ein stabil utvikling. Siste rapport datert 20.12.2013 konkluderte med tilstandsklasse 1 på lokaliteten. Tidlegare undersøkingar datert 2009 og 2012, syner tilstand 1 og 2. Trendanalyser som er gjennomført i driftsfasen tyder på at miljøtilstanden er god i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne.

Vi kan gå inn for utviding av MTB på lokalitet Toska N, men ynskjer å kome med innspel til utføring av MOM-undersøking. Vi gjer merksam på tidsintervallet for gjennomføring av miljøundersøkinga, og syner i denne samanheng til §§35-36 i akvakulturdriftsforskrifta. Siste miljøundersøking ved lokalitet 31497 Toska N vart gjennomført 20.12.2013. Jf NS-9410 skal neste MOM B utførast ved biomassetopp og før utsett med økt MTB til 3620 tonn. Denne undersøkinga er viktig for å få ein 0-refreranse til miljøtilstand på lokaliteten før neste utsett skjer etter utviding til MTB 3620 tonn.

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift*

#### **Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune                      Postboks 7900                      5020                      BERGEN

<b>Kopi til:</b>			
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavd	6025	ÅLESUND

<b>Kopi til:</b>			
	elingen		
Radøy Kommune	Krossvegen 8	5936	MANGER